



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-003
Arkivsaksnr: 19/859	Løpenr: 19/8855
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	14.11.2019	043/2019
Kommunestyret	05.12.2019	072/2019

Språkplan for Samnanger kommune

05.12.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS- 072/2019 Vedtak:

Forslaget til språkplan for Samnanger kommune vert vedteke. Språkplanen gjeld med verknad frå 01.01.2020 og erstattar då målbruksplanen som vart vedteken av kommunestyret 29.01.1998.

14.11.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 043/2019 Vedtak:

Forslaget til språkplan for Samnanger kommune vert vedteke. Språkplanen gjeld med verknad frå 01.01.2020 og erstattar då målbruksplanen som vart vedteken av kommunestyret 29.01.1998.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forslaget til språkplan for Samnanger kommune vert vedteke. Språkplanen gjeld med verknad frå 01.01.2020 og erstattar då målbruksplanen som vart vedteken av kommunestyret 29.01.1998.

Dokument som er vedlagt:

Utkast til språkplan for Samnanger kommune

Kopi av saksframlegg til formannskapet 03.10.2019

Kopi av høyringsbrev

Dokument som ikkje er vedlagt:

Målbruksplan for Samnanger kommune

<https://www.samnanger.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=61&Filld=16>

Kva saka gjeld:

Kommunestyret vedtok i 1998 ein målbruksplan for Samnanger kommune. Dette er i dag den eldste gjeldande planen i kommunen. I formannskapet 03.10.2019 vart det lagt fram sak om å erstatta målbruksplanen med ein språkplan (sak 031/2019). Utkast til språkplan låg ved saka. Utkastet er utarbeidd av Øyvind Røen (Sp). Formannskapet gjorde følgjande vedtak:

FORM- 031/2019 Vedtak:

Formannskapet tek utkastet til «Språkplan for Samnanger kommune» til orientering. Språkplanen vert send til høyring i einingane i kommunen slik rådmannen finn det føremålstenleg. Høyringsfristen vert sett til 1. november, med tanke på vidare handsaming i formannskapet 14. november og endeleg vedtak i kommunestyret 5. desember.

Utkastet til språkplan vart sendt ut til einingane på høyring 15.10.2019, med høyringsfrist 01.11.2019. Det har ikkje kome inn nokon høyringsuttalar.

Utkastet til språkplan vert no lagt fram for ny handsaming i formannskapet og endeleg handsaming/vedtak i kommunestyret.

Kopi av saksutgreiinga til formannskapet si handsaming 03.10.2019 følgjer vedlagt. Der er det informert grundig både om bakgrunnen for saka og om forslaget til språkplan.